



Tormod Myklebust får likevel frådela ei tomt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tormod Myklebust fekk likevel ja til søknaden om frådelling av ei 0,5 dekar stor tomt for bygging av bustadhus nummer tre då saka kom opp i forvaltningskomiteen. Men det skjedde med eit fleirtal som var det knappast mogelege.

I saksutgreiinga heitte det at deling vart foretrukke av eigarane ut frå omsynet til pantegrunnlaget i gardsbruket ved ein seinare investering.

Fem politikarar gjekk inn for frådelling medan fire stemte imot, i tråd med rådmannen si innstilling. Saka er med dette ferdigbehandla i kommunen, men fylkesmannen har ein ankemogelegheit, opplyser verksemdsleiar Tormod Fossheim til uskedalen.no.

For frådelling var Framstegspartiets Liv Iren Brekke og Endre Blokhus, Innbyggjarpartiets Einar Saghaug, Thorleif J. Hellesøy frå Uavhengig Sentrum og Øyvind Utne frå Høgre.

Mot frådelling var Arbeidarpartiets Øyvind Hardeland og Bjørg Brækhus, Elin Legland frå Senterpartiet og Jarle Mehammer frå Sosialistisk Venstreparti.

Fleirtalet viser til at far og son driv i samdrift og at det etter deira vurdering er driftsmessige fordelar med ei frådelt tomt. Løyvet er heimla i jordlova då flertalet ikkje kan sjå at det er samfunnsinteresse av stor vekt som talar imot delinga.

Men fleirtalet set som vilkår for delinga at dersom tomta seinare skulle verta vurdert avhenda, skal eigaren av garden ha forkjøpsrett til ein pris av gjennomsnittet av to uavhengige takstar. Tinglysing av eit slikt hefte skal gjennomførast ved skøyting av tomta.

Etter dette gjev fleirtalet dispensasjon frå arealføremålet LNF (landbruk-natur-friområde) i kommunedelplanen, Fleirtalet meiner det er særlege grunnar til dispensasjon sidan det er gjeve løyve etter jordlova og det er landbruk-elementet av LNF-føremålet som må vektleggjast i denne dispensasjonen...Så tett innpå gardshusa gjer natur- og friluftsiinteressene seg ikkje gjeldande, seier fleirtalet.

Administrasjonen var også positiv til bygging av kårhus, men meinte at det ikkje burde gjevast løyve til frådelling. Plasseringa av kårhuset burde etter administrasjonen si meining vurderast nærmare slik at eventuelle ulemper for garden vart minimalisert.

- Det er ikkje mangel på alternative tomter i området, heitte det i saksutgreiinga frå administrasjonen. Ho konkluderte med at eit vilkår for dispensasjon var plassering av huset på framsida av dagens hovedhus og nærare vegen, ikkje innerst i tunet.

Av Ola Matti Mathisen